



Det Bermuda-registrerte cruiseskipert Artania gjekk gjennom Storsund ved 19-tida i kveld. Det kom frå Ulvik og neste destinasjon er Olden Med 44000 dwt ruvar det godt i tronge farvatn og kjem tett på landskap og busetnad.

Det 230 meter lange skipet er langt frå det største i Storsund. Rekorden har eit italiensk skip på over70000 dwt. Skipet hadde heller høg fart fram til Flatholm, men reduserte farten ved seglasen ved Børneset og framom Vågsneset.

Det 230 meter lange skipet frå 1984 er av dei eldre i cruisearten og hadde før namnet 'Royal Princess'.

Elles har vi merka noko mindre cruisebåttrafikk gjennom Storsund denne sommaren.

Pålitelege kjelder vil hadet til at dette har klar samanheng med den italienske skipsulukka der eit passasjerskip gjekk på grunn og havarerte i stranda. Tryggleiksreglane er skjerpa.

Fred Olsen sin 'Black Watch' med maskinsjef Kjartan Stensletten kjem til Eidfjord torsdag 6.september.

Det er uvisst om seglasen vil gå framom heimbygda hans.

Av Kristian Olav Bringedal

